



Lindås Rør & Sanitær AS  
Burkhovdane 1  
5914 ISDALSTØ

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/6444 - 17/15660

Saksbehandlar:

Anne Lise Molvik

anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:

29.05.2017

## Svar vedkomande mottatt tilleggskommunikasjon - gbnr 148/2 Litleskare

Lindås kommune viser til tilleggskommunikasjon til søknad om ferdigattest mottatt 15.05.2017.

Ved mottatt kommunikasjon er kravet om at det skal liggja føre løyve etter hamnelova og graveløyve frå Statens vegvesen stetta. Det er ikkje dokumentert at det ligg føre løyve til dispensasjon frå byggjegransa langs kommunal veg.

Av mottatt tilleggskommunikasjonen ser vi at det er henta inn uttale frå Statens vegvesen i forhold til dispensasjon frå byggjegransa langs fylkesveg 404. Vi gjer merksam på at det er gitt dispensasjon for dette forholdet i vedtak datert 17.08.2015 som gjeld løyve til dispensasjon og etablering av felles avlaupsanlegg for gbnr 148/2 m.fl.

Det er vedtak om dispensasjon frå byggjegransa langs kommunal veg som framleis ikkje er på plass. Det er Teknisk drift ved vegavdelinga som handsamar desse sakene. Vegavdelinga har uttalt at det er pårekeleg at dispensasjon vert gitt, jf løyve til dispensasjon og etablering av felles avlaupsleidning for gbnr 148/2 m. fl. av 17.08.2015. Vedlagt følgjer søknadsskjema.

Søknad om ferdigattest mottatt 22.12.2016 vart avslått i vedtak datert 20.03.2017. Det må sendast inn ny søknad om ferdigattest for tiltaket når fullstendig kommunikasjon ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Vedlegg:

søknadsskjema disp frå byggjegransa langs komm. veg

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733



**Kopi til:**

Vegavdelinga

her

**Mottakarar:**

Lindås Rør &amp; Sanitær AS

Burkhovdane 1 5914

ISDALSTØ